



DEN NORSKE KYRKJA  
Lavik Sokneråd

## Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 20. mai 2026

Stad: Lavik kyrkjekontor

### Tilstades:

Toril Lange, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Maria Zimmermann og Inger Cesilie Fitje.

### Fråfall:

Bjørn Harald Nybø og Katrin Borlaug Ringereide.

Ord til opning v/ Torunn. Dagens bibelord frå Bibel.no.

Godkjenning av innkalling, referat frå 4. mars og sakliste.

## Meldingssaker:

### 05/26 Sidan sist

**Gudsteneste 8. mars:** Ca. 30 stk. til stades.

**Gudsteneste 5. april:** 1. påskedag med rundt 40 stk. til stades. Mange var igjen for kaffi og kaker etterpå.

**Gudsteneste 26. april:** I staden for gudsteneste i kyrkja vart kyrkjelyden invitert til å vere med på minikonfirmantgudstenesta på Alværa i samband med minikonfirmantleir. Det var 30 deltakarar + leiarar på leiren. I tillegg kom det ein del foreldre frå Høyanger, Hyllestad og Balestrand. Nokre kyrkjegjengarar frå Lavik hadde også teke turen.

**Konfirmasjonsgudsteneste med dåp 14. mai:** 2 dåpsbarn og ein konfirmant. Ca. 100 stk. til stades.

**Gudsteneste 17. mai:** 57 stk. til stades.

**Årsfesten 25. mars:** Middag, årsmøte, basar, kaffi + kaker og ei samlingsstund. Ca. 40 stk. deltok på ein fin ettermiddag på Alværa. Det kom både barnefamiliar og eldre.

**Påskevandring på palmesøndag:** Fint opplegg der ein gjekk gjennom handlinga i påska, dag for dag. Ungane dramatiserte og alle som var til stades vart engasjert i historiene. Pølse + brød til lunsj. Eit vellukka arrangement vi gjerne kan gjenta. 22 stk. til stades.

**Vaskedugnad i kyrkja 22. april:** 6 stk. var med å vaska kyrkja. Kaffi og frukt etterpå.

**Dugnad ute 4. mai:** 6 stk. var med på utedugnaden, trass litt dårleg vèr. Kaffi etterpå. Det vart fint og ryddig på parkeringsplassen og rundt kyrkja.

**Fasteaksjonen:** 23 454,- til saman. Det fordelte seg på:

Bøsser: 9790,-

Vipps: 9803,-

Konto: 631,-

Basar på årsfesten: 3230,-

## **06/26 Felles soknerådsmøte for alle sokn**

Fann stad på Alværa den 28. april. Stig Jonny Fitje har sendt ut ei oppsummering og vegen vidare på mail.

**Ting å diskutere:**

**1) Gudstenesteforordninga**

**2) Eit felles sokneråd for sokna i Høyanger**

Lavik sokneråd har god økonomi, og det er viktig at pengane kan brukast i kyrkjelyden i Lavik. Det vart snakka om beløpet kunne setjast av på fond. Det bør i tilfelle ikkje vere ei grense på kor mykje ein kan bruke kvart år, ei heller tidsramme for kor lenge kyrkjelyden kan disponere pengane.

Det vart bestemt at saka skal takast opp att på møtet i august for vidare tankar om dette.

## **07/26 Helgestunder nummer 2/26**

Kan soknerådet bidra med noko her?

Vi kan skrive litt om aktivitetar vi har hatt i soknerådet og «Min Salme».

Maria tek på seg å skrive litt om påskevandringa vi hadde på palmesøndag.

Regine kan skrive om grillkvelden vi skal ha på Alværa. Toril skriv om «Min Salme».

Frist: 3. juli.

## **Vedtaksaker:**

### **08/26 Rammeplan for kyrkjeleg undervisning og læring**

Kyrkjerådet har sendt ut høyring med frist 15. september.

Inger Cesilie orienterar om rammeplanen.

Inger Cesilie Fitje sender i etterkant av møtet ut ein mail til alle sokneråda. Ho informerte om at Maria Espeseth Zimmermann vil fordjupe seg i rammeplanen, og lurar på om det er andre i dei andre sokneråda som kunne tenkje seg å sjå nærare på dette saman med ho.

Det er viktig at små sokn også kjem med innspel til rammeplanen. Men det er kanskje enklare å gå saman, enn at kvar einskild sokneråd jobbar med dette aleine.

## **09/26 50-årskonfirmantar**

I år er det ein del 50-årskonfirmantar som framleis bur i området. Toril skal snakke med Liv Norunn Raasholm, som er ein av 50-årskonfirmantane.

Det er presentasjon av konfirmantane og 50-årskonfirmantane i kyrkja 30. august.

## **10/26 Aktivitetar – sommar/haust 2026**

**Friluftsgudsteneste 7. juni** på Norevik klokka 15:00 – Eldrun er vert, og Toril høyrer med Oddny-Marie om ho kan bidra med noko. Toril er klokkar.

**Grillkveld på Alværa 11. juni**, klokka 16.00. Maria lagar plakat, og høyrer om Elias kan grille. Eldrun lagar potetsalat. Resten avklarar vi i Messenger-gruppa.

**Friluftsgudsteneste 26. juli** klokka 12:00 – Klokka 14:00 er det mogleg å kjøpe seg middag på Alværa Sommarhotell. Kaffi og kjeks. Toril er vert.

**Gudsteneste 30. august** klokka 11:00 – Konfirmasjonspresentasjon og 50-årskonfirmantar. Toril høyrer med Liv Norunn Raasholm som er ein an 50-årskonfirmantane. Toril høyrer med Tonje om ho kan vere klokkar. Kyrkjevert vart ikkje bestemt.

**Myldresamling 23. september**, Regine og Toril har ansvar på denne. Førebuing til hausttakkefesten på søndagen etter.

**Hausttakkefest 27. september** klokka 11:00 - Neste møte

**Tacokveld** ein torsdag eller fredag i oktober. Toril kjem med forslag i Messenger-gruppa.

**Gudsteneste 25. oktober** klokka 11:00 – Neste møte

**Tacokveld** på Alværa ein torsdag i november. Toril kjem med forslag i Messenger-gruppa.

**Lysmesse 29. november** klokka 19:00 – Neste møte

**Familiegudsteneste 24. desember** klokka 15:00 – Neste møte

## **Meldingssaker:**

### **Ymse:**

- Toril skal sjekke kven som har ansvar for gjerdet rundt Ole Elias Holck si grav. Det treng oppgradering.

**Neste soknerådsmøte: 26. august klokka 18:00**

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen